

SAK 34/10 NORSK FJELLMATSENTER, SØKNAD OM TILSKOT

Saksopplysning

Med bakgrunn i søknad frå Hallingkost dat 20.3.2009 vart det i sak 23/09 innstilt på å løyve kr. 180.000, til etableringsprosjekt "Norsk Fjellmatsenter". Hallingkost tok i denne samanheng på seg ein rolle for å utvikle Norsk Fjellmatsenter. Det vart og søkt om midlar frå Buskerud fylkeskommune, Fylkesmannen i Buskerud og Innovasjon Norge, i tillegg til Hol kommune. Alle var positive og det var avklarande møter med partane og endeleg søknad vart sendt 20.3.2009.

Ut frå dei eintydige signal som vart gjeve og positive vedtak hjå Regionrådet, Buskerud fylkeskommune og fylkesmannen, sette Hallingkost i gang arbeidet.

Dessverre har det oppstått ein uheldig situasjon, der Innovasjon Norge likevel ikkje vil løyve midlar.

Historikken er kort fortalt følgjande:

- Det var avklarande møter med Buskerud fylkeskommune, Fylkesmannen i Buskerud og Innovasjon Norge des.2008 – mars 2009, der alle partar var tydelege på støtte til Norsk Fjellmatsenter.
- Innovasjon Norge fekk av ulike årsaker og etter gjentekne puringar, ikkje handsama søknad før 3.2.2010, i styre for Innovasjon Norge Buskerud og Vestfold. Men det var heile tida gjeve tydelege signal på at Innovasjon Norge var med.
- Styre innstilte på å løyve kr. 450.000 som og alle tidlegare signal var eintydige på. P.g.a at Ragnhild Kvernberg både sit i styret for IN Buskerud-Vestfold og i styringsgruppa for Norsk Fjellmatsenter måtte saka vidare til Innovasjon Norge sitt sentrale kredittutval (K0) og vidare til hovudstyre. Her skjedde det heilt uventa, at søknad vart avvist i kredittutvalet. Saka vart avvist ut frå ein argumentasjon om for høg del offentleg finansiering, og fordi det var stor grad av mobilisering. K0 meiner at Innovasjon Norge skal koma inn i finansieringa på eit seinare tidspunkt.
- Dette førte til ein svært alvorleg situasjon for Hallingkost som gjekk ut frå at løyvinga var i orden og forskotterte midlane. Med bakgrunn i den uheldige situasjonen har Buskerud fylkeskommune, Fylkesmannen i Buskerud og Innovasjon Norge Buskerud og Vestfold hatt møter for å prøve å finne ei løysing. Fylkesmannen i Buskerud har løyvd kr. 225.000 og det er no spørsmål om Regionrådet for Hallingdal kan rå til at det blir løyvd kr. 225.000 frå partnerskapsmidlane.

Vurdering

Etter dagleg leiar sitt syn har Hallingkost her kome opp i ein situasjon som var nesten umogeleg å sjå for seg. Ein kan sjølvsagt si at midlar som ikkje er 100% klarert ikkje er sikre, men samstundes har alle signal vore eintydige på at dette er ei sak som blir støtta. I felles fora mellom Innovasjon Norge, Buskerud fylkeskommune og Fylkesmannen i Buskerud har det vore eintydig at Norsk Fjellmatsenter skal støttast. Innovasjon Norge er og tydeleg på støtte til prosjektet, men inhabilitet for eit styremedlem fører til denne noko forunderlege situasjonen. Etter det dagleg leiar skjønar skal Innovasjon Norge sitt sentrale kredittutval fyrst og fremst handsame saker som har forslag om løyvingar, som er høgare enn det dei lokale kontora til Innovasjon Norge kan handsame. I denne konkrete saka overprøver kredittutvalet sin eigen organisasjon og lokalt styre, noko som ikkje ville skjedd dersom eit styremedlem ikkje hadde vore inhabil.

Dagleg leiar er av den formeining at det må finnast løysingar som gjer at Hallingkost ikkje blir skadelidande, i eit arbeid der Hallingkost har synt initiativ, og teke ein aktiv rolle for utvikling av Norsk Fjellmatsenter. Ut frå dei drøftingar om Buskerud fylkeskommune, Fylkesmannen i Buskerud og Innovasjon Norge Buskerud og Vestfold har hatt, støttar dagleg leiar eit forslag om å nytte kr. 225.000 frå partnerskapsmidlane.

Samstundes bør det vurderast om det skal takast initiativ overfor Innovasjon Norge for å få vurdert saka på nytt.

Forslag til vedtak

Regionrådet for Hallingdal rår til at det blir løyvd kr. 225.000 til Hallingkost i samband med etablering av Norsk Fjellmatsenter.

Tilskotet blir finansiert av partnerskapsavtala med Buskerud fylkeskommune for 2010.

Ål 21.6.2010

Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar